

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Torleif Fresvik (kom kl. 19.00), Helleik Rabbe og Randi T. Legård.

Fråvær: Svein Myrheim

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Torsdag 19. februar 2015 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste:

- Sak 1/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 2/15:** Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle
- Sak 3/15:** Endring av fiskeregular - endeleg vedtak
- Sak 4/15:** ROU - midlar. Skal vi søka?
- Sak 5/15:** Høyringsuttale - forenkling av utmarksforvaltning
- Sak 6/15:** Post og meldingar
- Sak 7/15:** Mogelege andre saker

Sak 1/15: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader

Sak 2/15: **Godkjenning av satsar for styrehonorar og møtegodtgjersle**
Satsane som vart vedtekne på første styremøte i 2012, sak 03/12, vart godkjende.

Sak 3/15: **Endring av fiskeregular - endeleg vedtak**
Kommunen hadde ikkje kommentarar til dei føreslegne reglane dei hadde fått til uttale.
Dei nye reglane vart vedtekne. (Vedlegg 1)
Torleif ordner med nye blokker.

Sak 4/15: **ROU - midlar. Skal vi søka?**
Ellen sjekkar om det er noko for oss å søka på.

Sak 5/15: **Høyringsuttale - forenkling av utmarksforvaltning**
FH hadde forfatta ein høyringsuttale som Røldal Fjellstyre var heilt enige i første del av. Under punktet om oppsynsordningar hadde vi ein liten kommentar om å heller behalda den ordninga vi har i dag med både SNO og Fjelloppsyn. Men vi støttar sjølv sagt fleirtalet i FH.

Sak 6/15: **Post og meldingar**

- a) Vårmøte på Geilo 27. - 28. mars
- b) Uttaile til søknad om motorisert ferdsel - Røldal Statsallmenning
- c) Sluttoppgjer HF- tenestekjøp
- d) Inatur - fangstrappo og oversending av fiskeregular
- e) Oppdatering ang. stølssaka
- f) Nye opplysningar ang. eigarforholdet på Gamlevegen over Haukeli - Det er Statens Vegvesen sin
- g) Brev frå Statsskog - Hytte ved Nupstjørn
- h) Referat haustmøtet i Eidfjord
- i) Stangfiskerappo frå Eidfjord
- j) Jegerprøvekurs - Nils Åge held kurs

- k) Hardangervidda Villreinutval - informasjon vedr. fellingsresultat, tellingar, radiomerking mm
- l) Hardangervidda Villreinutval - analyse av felling og kontrollkort 2014
- m) Publikasjon fra Anders Hals - Jakt og fiske som reformbrems
- o) Millioner til ryper og quiz til deg (mail 17/2)
- p) Utgriing av kommunereform og eventuell organisering av fjellstyra - mogeleg møter med dei aktuelle fjellstyra.
- q) Bremsefluer
- r) Fiskefondet - Torleif spør etter møtereferat på Kommunen og Randi skaffar kopi av rekningar på helikopter og settefisk

Sak 7/15: Mogelege andre saker

a) Møte med leigetakarane av stolar og beite søndag 1. mars

Ellen kallar inn til møte der Ellen, Helleik og Svein møter for Fjellstyret.
Tema er tilstandsrapport og naudsynt vedlikehald på stølane.

b) Møte med Skjold Beitelag, Ullensvang Fjellstyre og hytteeigarane i Hellevass søndag 1.mars

Ellen kallar inn til møte der Ellen, Helleik og Svein møter for Fjellstyret
Temaet er Sau i Hellevass

Randi T. Legård (ref)

FISKEREGLAR

Generelle reglar

1. Alle over 16 år må løysa fiskekort.
2. Det er ikkje lov å nytta anna fiskereiskap enn handsnøre, stang eller garn.
Line, ståkrok og oter er forbode.
3. Alt fiske er tillate frå og med 1. juli kl. 0800 til og med 30. september kl. 1800.
4. Det er ikkje lovleg å setja garn nærrare innfals- eller utfallsosen enn 50 meter.
Garna må heller ikkje nyttast i elvar, bekkjer eller loner, (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
5. Det er ikkje lov å nytta garn med mindre maskevidde enn 31 mm. mellom knutane når garnet er vått, (20 omfar).
6. Det er tillete å fiska med inntil 10 garn.
7. Garna skal vera tydeleg merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synlege.
8. Unnatak frå desse reglane vert fastsett i spesielle reglar.
9. Brot på dei generelle og spesielle reglane er straffbart.

Spesielle reglar:

1. I Ståvatnet, Hadlevatnet, Votna og Urdavatnet er tillete fiske med handsnøre, stang og garn heile året.
2. I Øvre- og Nedre Hellevatnet, Urdavatnet, Ståvatnet, Hadlevatnet og Votna er det tillete å fiska med oter.
3. I Urdavatnet gjeld ikkje reglane om maskevidde og garntal.
4. For innanbygdsbuande som har løyst fiskekort for garnfiske, gjeld dette og fiske med stong og oter.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Onsdag 18. mars 2015 kl. 18.00 - 20.00

Sakliste:

- Sak 8/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 9/15:** Høyring på kvoteforslag 2015
- Sak 10/15:** Søknad om vårfelling av villreinkalvar på Hardangervidda
- Sak 11/15:** Leigekontraktar med Statskog på Svandalsflona (mail 11/3)
- Sak 12/15:** Post og meldingar
- Sak 13/15:** Mogelege andre saker

Sak 8/15: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknader

Sak 9/15: **Høyring på kvoteforslag 2015**
Vi støttar Villreinutvalget sitt forslag til kvotar.
Men vi meiner at overføring av kort til andre bør vera skriftleg på Statsallmenningen.

Sak 10/15: **Søknad om vårfelling av villreinkalvar på Hardangervidda**
Det var Veterinærinstituttet som hadde søkt og vi støtta tiltaket.

Sak 11/15: **Leigekontraktar med Statskog på Svandalsflona**
Statsskog hadde fylgjande forslag til satsar:
Storvilt: 2000,- pr. år
Småvilt: 4000,- pr. år
Fiske: 1000,- pr. år
Vi meinte det var for mykje, så Ellen prøver å forhandla fram ein betre pris.

Sak 12/15: **Post og meldingar**

- a) Vårmøte på Geilo 27. - 28. mars - innkalling
- b) Møtebok Øvre Numedal Fjellstyre
- c) Endring av kontrollkort villrein
- d) Referat frå møte 1/3 ang. sau i Hellevass
- e) Referat frå møte 1/3 om stølane på Haukeliseter
- f) Beiterettar og plikter
- g) Styremøtereferat 2014 på heimesida
- h) Kopi av vedtak - avslag fra Odda kommune på søknad om motorferdsel til Kaldevatn.
- i) Fjellstyrekart
- j) Salg av fiskekort iNatur og Fiskeregular
- k) Årsmelding må lagast

Sak 13/15: **Mogelege andre saker**

- a) Utleige av Gamlebua til Røde Kors i påsken.**
Som tidlegare år var dette OK!

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Torleif Fresvik og Randi T. Legård.

Fråvær: Svein Myrheim og Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Onsdag 29. april 2015 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste:

- Sak 14/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 15/15:** Villreinjakta 2015 (Prisar og reglar)
- Sak 16/15:** Småviltjakt 2015/16 a) Skal vi opna for kortsalg i år?
b) Gå gjennom fangstrapportar frå iNatur
- Sak 17/15:** Stølane - Ta stilling til forslag frå NFS
- Sak 18/15:** Annonse i messemagasin for Røldalsmarknaden (mail 27/4)
- Sak 19/15:** Søknad om samjakt - Røldal Grunneigarlag (mail 28/3)
- Sak 20/15:** Post og meldingar
- Sak 21/15:** Mogelege andre saker

Sak 14/15: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknad

Sak 15/15: **Villreinjakta 2015 (Prisar og reglar)**

Vedtak: Dersom korttypane blir dei same som i fjor, blir også prisane dei same:
På "Syd" vil den vedtekne rulleringa fortsetja der ein som har fått kort eit år
kjem nedst på lista dei 2 neste åra.

Prisane er:

Bukk:	1200,-
Simle / ungdyr:	800,-
Kalv:	400,-

Utanbygdsjegrar og utflytte røldøler betaler 1600,- for simle / ungdyr og 800,-
for kalv.

Maks antal utanbygdsjegrar vart sett til 35 + utflytte røldøler dersom det er nok
kort til det.

Nattefredning mellom kl. 19.00 og 07.00.

Fredningskorridor som før frå toppen av austre Eltaren til toppen av Urdanuten
til utløp av Store Urdavatn (v/snømålestong) og attende til Austre Eltaren
(trekant)

Fjellstyret kan selja kort til redusert pris etter 10. september dersom mange har
fått jakta og jaktpresset er lågt.

Dersom vi får den nye korttypen der kalven heng på S/U-kortet blir prisen på
dette: 1000,-

Sak 16/15: Småviltjakt 2015/16 a) Skal vi opna for kortsalg i år?

b) Gå gjennom fangstrappportar frå iNatur

Ellen hadde gått gjennom fangstrappportane med fagkonsulent som uttalte at uttaket ikkje var bekymringsfullt slik at vi utan problem kunne opna for salg også neste år.

Vi gjekk difor inn for salg av småviltjaktkort sesongen 2015/16

Jaktstart 20. september

Prisar:	1 dag:	190,-
	2 dagar:	300,-:
	3 dagar:	400,-
	Veke:	600,-
	Sesong:	600,- (innanbygds)
	Sesong:	1200,- (utanbygds)

Sak 17/15: Stølane - Ta stilling til forslag frå NFS

Røldal fjellstyre ønsker ikkje at stølane skal hamne under same regime som elles er vanleg på statsallmenning, dvs at desse i siste instans kan bli seterbygningar på festekontrakt (frifallsregelverket).

Seterforskrifta har ikkje gode løysningar som passar godt med situasjonen i Røldal, og ønske frå Røldal fjellstyre.

NFS hadde 4 ulike alternativ til løysing og vi gjekk inn for alternativ 3:

3 av setrene blir registrert som seter. Setrene registrerast på Røldal fjellstyre. Dette gjeld Midtfjellsullen, Nupshadlene og Ståvassvika.

Vanlege frifallsreglar blir ikkje gjort gjeldande, dvs at det må skrivast ei utvisning tilpassa forholda i Røldal.

Setra som er leigd ut som «fritidseigedom», Ulvabotn, registrerast som fjellstyrehytte.

Dette kan vere eit punktfeste på ca 1 daa.

Arealet som ligg til Ulvabotn leggast til Nupshadlene (Jan Haslemo leiger allereie beitet) Anten som utviding av eksisterande seter el. som tilleggsjord til setra.

Sak 18/15: Annonse i messemagasin for Røldalsmarknaden

Torleif tok på seg å laga annonse der vi tek med reinsdyrjakt med søknadsfrist og fiske- og småviltkort som kan kjøpast gjennom iNatur.

Søknad om samjakt - Røldal Grunneigarlag

Det var kome søknad frå Røldal Grunneigarlag på vegne av HA-290 og HA-300 om samjaksavtale.

Vi gjorde same vedtak som i fjar:

Vi ynskjer ein gjensidig samjaksavtale der og vegen inn til Middalen skal vera open i jakta. Jegrar med kort på Røldal Statsallmenning kan bruka kort frå HA-280 og HA-290 på heile Røldal Statsallmenning. Andre jegrar med kort frå desse valda kan berre bruka dei inn til Turistvegen som før.

Torleif lagar eit forslag til avtale.

Sak 20/15: Post og meldingar

- a) Oppgradering støl Hadlene
- b) Kostnader nytt tak og oppjustering ysterom
- c) Notat forvaltning av Hardangervidda
- d) Rekneskap og årsmelding 2015 FH
- e) Invitasjon til fagdag villrein 3. juni
- f) Bekrefting standplass på Røldalsmarknaden
- g) Varsling om felling av 15 villreinkalvar på Hardangervidda i april
- h) Revisjon av forskrift om forvaltning av hjortevilt (mail 24/4)
- i) Ut i høst? (mail 24/4)
- j) Nytt brev frå Statsskog om leigepris på Svandalsflona-området (6000,- pr. år)
- k) Kvotevedtak frå Villreinutvalget
- l) Artikkel om at vanlige fuglearter blir færre i fjelløkosystemet
- m) Brev frå Nils Åge med ulike forslag til oppgradering av Ulvabotn
- n) Fjellhelg - når
- o) Quiz på Marknaden med S/U- jaktkort og jaktkniv som gevinstar
- p) Branntilsyn på hyttene er gjort
- q) Ved og gass er kjørt inn på hyttene

Sak 21/15: Mogelege andre saker

- a) Rekneskap 2015 - utsett til neste styremøte
- b) Årsmelding 2015 - kort gjennomgang - endeleg vedtak neste styremøte

Randi T. Legård (ref)

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Røldal Skule, klasserom 3

Tid: Tysdag 26. mai 2015 kl. 17.30 - 19.30

Sakliste:

- Sak 22/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 23/15:** Rekneskap 2014 - godkjenning (mail 29/4)
- Sak 24/15:** Årsmelding 2014 - godkjenning
- Sak 25/15:** Røldalsmarknaden - opplegg og mannskap
- Sak 26/15:** Kontrakt jakt og fiske på Svandalsflonaområdet (mail 19/5)
- Sak 27/15:** Post og meldingar
- Sak 28/15:** Mogelege andre saker
 - a) Fjellhelg - når?
 - b) Ulvabotn

Sak 22/15: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknad

Sak 23/15: **Rekneskap 2014 - godkjenning**
Rekneskapen viste eit overskot på 93.992,-
Godkjent, ingen merknader
Men Randi skal sjekka kvifor rekneskapshonoraret er blitt ca. 20.000,- dyrare enn i fjor.

Sak 24/15: **Årsmelding 2014 - godkjenning**
Godkjent med små endringar

Sak 25/15: **Røldalsmarknaden - opplegg og mannskap**
Hardangervidda Fjelloppsyn lagar Quiz.
1. premie: Eit simle/ungdyr - jaktkort
2. premie: Jaktkniv
Alle rettar sitt svar etter fasit og alle er med i trekning av premiane.
Torleif kopierer opp søknadskjema for jaktkort
Alle gjev beskjed til Ellen om når dei kan vera i teltet og kven som kan vera med å rigga opp.

Sak 26/15: **Kontrakt jakt og fiske på Svandalsflonaområdet**
Vi gjekk inn for å berre leiga området til villreinjakt og fiske.
Fiske må vi ha med fordi det er med på vårt fiskekort som allereie er gått i trykken. Årleg leige blir 2000,- kr (1000,- for kvart)

Sak 27/15: Post og meldingar

- a) Vedk registrering av setrene til Røldal Fjellstyre
- b) Klage på villreinkvote Hardangervidda 2015
- c) Svar på henv. Klage på villreinkvote
- d) Vedr dispensasjon fra Hjorteviltforskrifta § 18
- e) Anmodning om å endre kvotevedtak for Hardangervidda Villreinområde 2015
- f) Skal vi senda søknad om friluftsmidlar -søknadsfrist 1. juni
- g) Anmodning om å endre kvotevedtak for Hardangervidda Villreinområde 2015
- h) Svar Vedk registrering av setrene til Røldal Fjellstyre
- i) Fellesmøte for forvaltinga av verneområda på Hardangervidda 2015
28.- 29.mai - program

Sak 28/15: Mogelege andre saker

a) Fjellhelg - når?

7. - 9. august eller 14. - 15. august

Ellen henger opp plakat og søker om friluftsmidlar

b) Vedlikehald Ulevåbotnen

Der var ny 4-års-avtale i fjor, så i samråd med Nils Åge er vedtaket er slik:
Huset står som det er i dag. Nils Åge flikkar litt på vindu med kitt/måling og
rettar opp maskinhuset, alt for eigen kostnad. Fjellstyret gjer ny vurdering av
eventuell totalrenovering når noverande kontraktsperiode er over.

Randi T. Legård (ref)

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Måndag 22. juni 2015 kl. 18.00 - 21.00

Sakliste:

- Sak 29/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 30/15:** Trekking av villreinkvote 2015
- Sak 31/15:** Ny leigekontrakt Nupshadlene (mail 2/6, 15/6 og 18/6)
- Sak 32/15:** Endeleg godkjenning av nybygga i Nupshadlene
- Sak 33/15:** Oppseiing av oppdragsavtale med ADB - tenester
(rekneskapsføring)
- Sak 34/15:** Post og meldingar
- Sak 35/15:** Mogelege andre saker
 - a) Kalvekort på Syd?

Sak 29/15: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
Ingen merknader

Sak 30/15: Trekking av villreinkvote 2015

Det var 66 innanbygdssøkjarar på Nord og 32 på Syd. I tillegg var det 1 nybyrjar. Av utflytte røldøler var det 5 og så var det 66 utanbygds.

På Nord var vi tildelt kvote på 329 dyr (49 frie dyr, 230 simle/ungdyr og 50 kalv) På Syd hadde vi fått 47 dyr (2 bukk, 14 simler, 7 simle/ungdyr og 24 kalv)

Vedtak: Syd - 9 jegrar blir trekt ut, 1 bukk + 1 simle til 2 personar og 1 simle/ungdyr + 1 simle til 7 personar. Ingen kalvekort utdelt. (1 stemme ønskte ikkje å dela ut simlekort heller)

Nord - Dei 49 først uttrekte innanbygds jegrar får 1 fritt dyr + 2 simler + 1 kalv og resten får 3 simler, nybyrjarane får 1 simle gratis. Alle utflytte røldøler får 2 simler og dei 35 første uttrekte utanbygds får og 2 simler.

Dei resterande simlekarta kan kjøpast av alle uttrekte jegrar.

Det blir utdeling av jaktkort torsdag 6. august. Informasjon kl. 17.30 og utdeling kl. 18.00. Dei som ikkje tek imot tildelte kort, må gje beskjed innan 1. august. Jegrane må ta imot tildelt kvote.

Randi hengjer opp liste på Handelslaget med uttrekte innanbygds- og utanbygds-jegrar. Ellen sender melding til dei uttrekte utanbygds-jegrane.

Sak 31/15: Ny leigekontrakt Nupshadlene

Kontrakten blei gjennomgått og Helleik skulle retta nokre punkt. Endeleg kontrakt seinare.

Sak 32/15: Endeleg godkjenning av nybygga i Nupshadlene

Vedtekne samrøystes

Sak 33/15: Oppseiing av oppdragsavtale med ADB - tenester (rekneskapsføring)

For at det nye Fjellstyret sjølv kan velja rekneskapsførar, seier Randi opp avtalen frå og med 2016.

Sak 34/15: Post og meldingar

- a) Oppgradering av Midtfjellsdalen v/Svein
- b) Info ang. registrering av stølane
- c) Kontraktar Svandalsflona
- d) Rapport felling av rein
- e) Gåvepremie til Røldalsløpet 2 stk. a 500,-
- f) Generalforsamling FH as
- g) Søknad om friluftsmidlar
- h) Kommunereform og Statsallmenningene
- i) Nå kan du søke spillemidler

Sak 35/15: Mogelege andre saker

a) Kalvekort på Syd?

Det vart vedteke samråystes å ikkje dela ut kalvekort på Syd.

b) Vedlikehald på "Gamlevegen" i Dyrskar og forbi stølane på Haukeli.

Kven er ansvarlege for vedlikehaldet?

Randi T. Legård (ref.)

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe og Randi T. Legård

Stad: Røldal Grendahus

Tid: Torsdag 6. august 2014 kl. 17.30 - 21.00

Sakliste: **Sak 36/15:** Utdeling av jaktkort

Sak 36/15: Utdeiling av jaktkort

Ellen og Torleif informerte først om reglar for jakta med nattefredning og fredningssoner. Deretter litt om fiskereglar.

Det var ein del som ikkje tok imot korta sine slik at vi måtte heilt til nr. 11 på reservelista på syd. På nord fekk 5 reservar bukkekort.

Sjå vedlegg for endeleg liste!

Randi T. Legård (ref)

The image shows four handwritten signatures in black ink. From top left to bottom right, the signatures are: Ellen Drangevåg, Randi T. Legård, Svein Myrheim, and Torleif Fresvik. The signatures are cursive and vary slightly in style.

SYD for E134						NORD for E134						
Bukk	S/U	Simle	Reserve	Kort		Navn	Nr	Bukk	Kalv	S /U	Reserve på kort	Reserv på buk
					N	Ahlsen, Jan	1					Nei
			6	Nei	N - S	Ahlsen, Jan Kjetil	2	1	1	2		
					N	Botnen, Andre	3	1	1	2		
					N	Bruleite, Dag Harald	4	1	1	2		
					N	Bruleite, Helge	5	1	1	2		
					N - U	Bruleite, Karin				2		
					N	Drangevåg, Atle	6	1	1	2		5
					N	Drangevåg, Ellen	7	1	1	2		
					N	Fenne, Bjørn	8	1	1	2		
			14		N - S	Fjæra, Kristine S.	9	1	1	2		1
1		1		OK	N - S	Fresvik, Erik	10			3		15
					N	Fresvik, Torleif	11	1	1	2		
1	1			OK	N - S	Gjørv, Bjørn	12			3		14
					n (N - S)	Hagen, Arve				1		
		21	2014	S		Hagen, Helge						
		22	2014	N - S		Hagen, Kåre	13	1	1	2		
					N	Hagen, Olai	14	1	1	2		
					N	Hagen, Olav	15	1	1	2		
					N	Hamre, Martin	16	1	1	2		
1	1			OK	N - S	Hamre, Tore	17					Nei
		20	2014	S		Hauge, Katrine						
1	1	11	2012	N - S		Hauge, Nils Ove	18	1	1	2		
1	1			OK	S	Hauge, Reidar						
		2	Nei	N - S		Husby, Eirik - Sondre	19	1	1	2		
		12		N - S		Kvile, Leif Kåre	20					Nei
		18	2013	S		Kvåle, Gunnar						
1	1			OK	N - S	Kvåle, Håvard	21					17 Nei
		13		S		Kvåle Kjell Arvid						
						Kvåle, Kjell Morten	22	1	1	2		
		16	2013	N - S			23			3		16
		19	2014	N - S		Lykkebø, Frode	24	1	1	2		
					N	Lynghamar, Inge	25	1	1	2		
					N	Lynghamar, Ove	26					
1	1			OK	N - S	Lynghamar, Roger	27	1	1	2		7 Nei
					N	Lynghammer Annfinn						
					N	Lynghammer Jørgen	28	1	1	2		
		4	Nei	N - S		Lynghammer, Oddbjørn	29			3		6

				N	Lynghammer, Vibeke	30									Nei	
				N	Medhus, Alf	31	1	1	2							
				N	Medhus, Nils	32	1	1	2							
1	1	5	OK	N - S	Medhus Nils Vetle	33	1	1	2							
				Nei	N - S	Medhus, Odd Ivar	34	1	1	2						
		15	2013	N - S	Medhus, Ragnvald	35			3						8	
					Myrheim, Rabbe											
				N	Trond	36			3						12	
				N - U	Nilsson, Morten				2							
				N	Nybø, Geir Kåre	37	1	1	2							
				N	Nybø, Tjerand	38	1	1	2							
1	Nei			N - S	Nybø, Tor Eivind	39	1	1	2							
				N - U	Prestegård, Olav										Nei	
				N	Rabbe, Helleik N.	40	1	1	2							
				N	Rabbe, Nils Petter	41			3						11	
				N	Rabbe Åsmund	42	1	1	2							
				Nei	N - S	Rui, Torfinn	43	1	1	2						3
9	Nei			N - S	Saltvold, Olav	44	1	1	2							
				N	Sandal, Håkon	45	1	1	2							
23	2014			N - S	Sandal, Nils Åge	46	1	1	2							
				N	Sandal, Tommy	47	1	1	2							
				N	Seim Ida	48	1	1	2							
				N	Seim, Kristen	49	1	1	2							
				N	Seljestad, Bjarte	50	1	1	2							
10	Nei			N - S	Seljestad, Jarle	51			3						10	
				N	Skavlid, Tor Ingve	52	1		2							
				N	Skeie, Arild	53	1		2						4	
7	Nei			N - S	Skeie, Jostein	54			3						13	
				N	Småbrekke, Håkon	55	1	1	2							
				Nei	N - S	Småbrekke, Kjetil	56	1	1	2						
8	Nei			N - S	Småbrekke, Oddvar	57	1	1	2							
1	1	3	OK	N - S	Solbakken, Magnus	58	1	1	2						2	
		24	2014	N - S	Solbakken, Nils Tore	59									Nei	
				N	Tjemsland, Tor Helge	60	1	1	2							
				N	Torvanger, Finn	61	1	1	2							
				N	Tvedt, Odd Inge	62	1	1	2							
				N - U	Tveita, Sigbjørn				2							
25	2014			N - S	Tveita, Åsmund	63	1	1	2							
			2014	N	Øvregård, Jan	64	1	1	2							
				N - U	Øvregård, Nils Rune				2							
				N	Øvregård, Oddvar	65	1	1	2							
				N	Øvregård, Signe	66			3						9	
17	2013	S			Øyna, Ingeborg											
2	7	9														
										49	49	137				

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Stad: Røldal Skule, biblioteket

Tid: Måndag 19. oktober 2015 kl. 18.00 - 20.30

Sakliste:

- Sak 37/15:** Godkjenning av innkalling og 2 møteprotokollar
- Sak 38/15:** Regulering på småviltjakt
- Sak 39/15:** Oppsummering av villreinjakta 2015
- Sak 40/15:** Ny leigekontrakt Nupshadlene - godkjenning av kontrakt med Haslemo
- Sak 41/15:** Status stolar og hytter
- Sak 42/15:** Haustmøte
- Sak 43/15:** Post og meldingar
- Sak 44/15:** Mogelege andre saker

Sak 37/15: Godkjenning av innkalling og 2 møteprotokollar
Ingen merknad

Sak 38/15: Regulering på småviltjakt
3/9 har Røldal fjellstyre gjort vedtak på å innføre bag limit på 2 ryper pr jeger pr dag for sesongen 2015-16. Vil i tillegg oppfordre småviltjegerne på Røldal statsallmenning om å begrense antall jaktdager i høst. Dette på bakgrunn av de forholdene rypene har hatt denne sesongen, med svært mye snø, lave temperaturer og lite innsekt. Kan også anta at mengden predatorer er større enn normalt, da det var mye smågnagere i fjor. Vil også henstille jegerne til ikke å skyte stamfugl (voksen fugl), men heller jakte på kyllinger.

Sak 39/15: Oppsummering av villreinjakta 2015
Fellingsprosenten på Nord var 16,72 % og på Syd 23,4 %
Statistikk over felte dyr ligg som vedlegg 1

Sak 40/15: Ny leigekontrakt Nupshadlene - godkjenning av kontrakt med Haslemo
Framlagt kontrakt vart samråystes vedteken og alle skrev under
(Vedlegg 2)

Sak 41/15: Status stolar og hytter

- a) Midtfjellsollen - Jens har på eige initiativ kontakta Tungesvik for å skifta tak. Vi har ingen avtale om fordeling av kostnadene. Svein ringer Tungesvik, for dersom dei ikkje kjem i år, må vi få stempla av taket.
- b) Nupshadlene - Ellen har hatt befaring med Kommunen. Sjå elles sak 40/15.
- c) Ulevåbotnen - Der er lagt nytt tak. Bekken har teke nytt løp. Sjå sak 43/15 n.

- d) Ståvassvika - Muren er gjennoppmurt.
- e) Gamlebua - Det gamle uthuset/doen er ikkje brent ned endå.
- f) Eriksbu - Der er rydda og brent mykje "rape" Der trengs nye låskassar i innerdørene.
- g) Ninnive - Ingen ting spesielt i år.

Vedtak: Vi kjøper nye madrasser til alle hyttene:

Sak 42/15: Haustmøte på Skinnarbu 27. og 28. november

Dei som vil vera med, må gje beskjed til Ellen

Sak 43/15: Post og meldingar

- a) Forsikring gjennom Norges Fjellstyresamband
- b) Kostnad tenestekjøp tom. mai 2015
- c) NFS sin mal for saksbehandling av jakt- og fiskesaker
- d) Fredning av rypa
- e) Info til kommunar med statsallmenning om oppnemning av fjellstyre frå Norges Fjellstyresamband
- f) Referat frå Fellesmøte for forvaltninga av Hardangervidda Nasjonalpark
- g) Kurs for ROU i NMLs bestemmelser om etterlevelseskонтroll, håndtering og sanksjoner
- h) Motorferdsel i statsallmenning
- i) Vedtaksbrev angående utvidet jakt
- k) Norges Fjellstyresamband - høstferie blant ørret, rein og ryper
- l) Gåvepremie til Røldalstrimmen - 3 gåvekort a 250,-
- m) Gapahuk ved Nupselva ved Ulevåvatnet
- n) "Gamlevegen" i Dyrskar - Statens Vegvesen skulle koma på befaring i sommar, men dei har ikkje vore der endå!
- o) Vi treng nye kvitteringsblokker til salg av jaktkort + konvoluttar og brevark.

Sak 44/15: Mogelege andre saker

a) Oppbevaringsboksar i Fjellstyrehyttene

Randi sender ut faktura for 2014 og 2015

b) Tilleggshonorar til Ellen

Vedtak: På grunn av spesielt mykje ekstra arbeid i samband med Fjellstyret sine eigedomar denne fireårsperioden, vil vi gje Ellen eit tilleggshonorar på 16000,- kr. (Ellen var ikkje med på denne saka)

c) Siste styremøte

Vedtak: Siste styremøtet skal haldast på Hordatun Hotell med avslutningsmiddag etterpå.

d) Blomar til jul

Vedtak: Som takk for innsatsen i 4 år vil vi kjøpa ei "julegruppe" til kvar av styremedlemmene.

e) Overtakingstidspunkt for nytt Fjellstyre

Vedtak: Det nye styret tek over etter nyttår, slik at det gamle styret sit ut kalenderåret slik det alltid har blitt gjort.

f) Høring på revisjon av forskrift av 8. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske på Statsallmenning

Høringsfristen er 1. desember.

Dersom nokon har kommentarar, gje beskjed til Randi innan fristen.

Randi T. Legård (ref)

Vedlegg 1

RØLDAL STATSALLMENNING

FELLINGSSTATESTIKK 2015

NORD

UNG DYR

VAKSNE

	KALV	1 1/2 ÅRIG	2 1/2 ÅRIG - ELDRE	I ALT
HANNDYR	1	19	20	40
HØDYR	4		11	15
I ALT	5	19	31	55

TILDELT KVOTE: 49 FRIE DYR, 230 S/V, 50 KALV = 329 DYR TOTALT

FELLINGSPROSENT NORD: $\frac{55 \times 100}{329} = \underline{\underline{16,72\%}}$

SYD

	KALV	UNG DYR - 1 1/2	VAKSNE - 2 1/2 +	I ALT
HANNDYR	0	3	1	4
HØDYR	0		7	7
I ALT	0	3	8	11

TILDELT KVOTE: 2 FRIE DYR, 7 S/V, 14 S, 24 KALV = 47 DYR TOTALT

SOLGETE KORT: 2 F, 7 S/V, 9 S, 0 KALV (ETTER VEDTAK I FJELLSTYRE)

FELLINGSPROSENT SYD: $\frac{11 \times 100}{47} = \underline{\underline{23,4\%}}$

RØLDAL FJELLSTYRE

Vedlegg 2

STØLSKONTRAKT NUPSHADLENE OG BEITEKONTRAKT ULEVÅBOTNEN.

Leigetakar: Jan Haslemo

Utleigar: Røldal Fjellstyre

1. Denne kontrakt erstattar dagens 10 års kontrakt (inngått i 2014) under føresetnad at prosjektet med bygging av nytt stølshus og fjøs blir godkjent. Hvis prosjektet ikke gjennomføres innan 5 år fra 01.01.2016 løper 10-års kontrakten inngått i 2014 vidare.

Inneværende avtale gjelder leie av stølen på Nushadlene og beitekontrakt Ulevåbotnen.

Leigetaker har rett til å sette opp stølshus og fjøs på eigedommen, under føresetnad av at utbygging(ane) blir godkjent av kommunen, Statskog og eventuelle andre offentlige organ. Utleigar/Fjellstyret skal være med å bestemme kvar dei enkelte bygningane skal settas opp.

Jakt og fiskerett er unntatt frå denne leieavtalen.

2. Inneverande leieavtale er gjeldande frå 01.01.2016 og er uoppseieleg for Røldal fjellstyre i 25 år. Leigetakar kan seie opp avtalen grunna dokumenterte helsemessige årsaker, med 1 års oppseiing.

Ved eventuell tildeling av ny støl i leieperioden eller forlengast av denne avtale, skal partane forhandla ny kontrakt.

Fjellstyret skal lyse ut støl(med bygningane) og beite for vidare utleie innan 01.06.2040, for leige frå og med 01.01.2041. Leigetakar kan søke på ny leieperiode og vil ha fortrinnsrett til å leige vidare på nye vilkår, men om Utleigar/Fjellstyret får søknad frå innanbygdsbuande med bruksrett i Gamle Røldal kommune har ein slik innanbygdsbuande fortrinnsrett til leige.

3. Beiteleige er sett til kr 12 000,- pr år, som betales etterskotsvis kvart år innan 1 oktober for gjeldande år, i leigeperioden. Det er gitt ei subsidiert leige, sidan leigetakar skal sette opp nytt stølshus/fjøs på eigedommen og riv gamle bygg. Leiga i 2014 var kr. 16.000,- for støl og beite i Nupshadlene, og kr 7.000,- for beite i Ulevåbotnen, altså ei leige på totalt kr. 23.000,-. Partane er einige om at den subsidierte leiga er å rekna som ein kompensasjon, dersom leigetakar ikkje får fornaya leige etter 25 år, jamfør punkt 2. Leigesummen skal justerast etter konsumprisindeksen kvart 5. år, første gang etter endring i indeksen mellom 01.01.2016 til 01.01.2021.
4. Leigetakar er forplikte til å drive for egen rekning, og kan ikkje leige bort støl og/eller beite til andre.

5. Det er forbode for Legetakar å ta inn nye sauebesetningar i beite utan godkjenning av Utleigar.
6. Alle erstatningar som fjellbeitene eller støl har eller mogleg kan få, fell til Fjellkassa.
7. Leietakarane i Nupshadlene og Midtfjellsdalen har ansvaret for vedlikehaldet av vegen frå bruva ved E 134 til stølen Hadlene etter avtale med vegeigaren.
8. Legetakar skal halda bygningsmassen og inventar forsikra. Legetakar pliktar å legge frem avtaler om forsikring og bekrefte på at forsikring er betalt.
9. Legetakaren har ansvaret for ettersyn og vedlikehald av stølshusa, fjøs og andre bygningar, både innvendig og utvendig i leigeperioden. Legetakaren kostar vedlikehaldet sjølv.

Legetakar er ansvarlig for å utbetre øydeleggelser, bygningskomponenter som må skiftes og slitasje ut over alminnelig bruk.

Legetakar skal fullverdiforsikra bygningane på stølen. Dokumentasjon på betalt forsikring skal sendes Utleigar kvart år.

Legetakar er pliktig til å utføre nødvendig vedlikehald, og med normale intervall i leigeperioden. Det skal haldast møte kvart år mellom Utleigar og Legetakar, etter at leidgetaker har sett opp liste over kva som skal utbetrast og vedlikehaldas kommande år. Utleigar vurderer lista opp mot eigne ynskje av utbetingar.

Ved større vedlikehald skal Utleigar vurdere kostnadsdeling, men likevel ikkje slik at Legetakar kan krevje det.

Gamle bygg som ikkje lenger er i bruk, skal fjernast og området skal ryddast forsvarleg etter avslutta byggeperiode (antatt hausten 2017). Alt av riving skal godkjennast av Røldal Fjellstyre.

Fjellstyret/Utleigar skal minst kvart 5 år ha gjennomgang/synfaring på eigedommen. Dette for å avklara uførutsette ting som har oppstått, og for å diskutera visuelle ting som kan gjerast betre/finare (vedlikehald og utbetingar på bygningar, grøfting, drenering etc.).

Fjellstyret kan krevja eventuelle påpeikte utbetingar og manglande utført vedlikehald gjennomført innan 6 månader. Avtalt vedlikehald og utbetingar som ikkje vert utført innan fristen, vil kunne bli anset som vesentlig kontraktbrot av denne avtalen. Dersom utleigar ser det nødvendig, kan han sjølv utføre vedlikehaldet og utbetingane for leidgetakars rekning, etter å ha varsle legetakar om dette vil bli gjort om legetakar ikkje sjølv utfører arbeidet innan 30 dagar.

10. Ved tilbakelevering skal partane saman foreta en synfaring på eigedommen.

Leieobjektet skal levers tilbake i ryddig og rengjort stand, og vedlikehalde i samsvar med punkt 9. Dersom Leigetakar har overhaldt sine plikter etter punkt 9, godtar Utleigar alminnelig slit og elde som følgje av alminneleg bruk.

RØLDAL dato: _____

RØLDAL FJELLSTYRE

V/ ELLEN DRANGEVÅG

LEIGETAKAR

V/JAN HASLEMO

REFERAT FRÅ STYREMØTE I RØLDAL FJELLSTYRE

Frammøte: Ellen Drangevåg, Svein Myrheim, Torleif Fresvik, Odd Inge Tvedt (vara for Helleik Rabbe) og Randi T. Legård.

Fråvær: Helleik Rabbe

Stad: Hordatun Hotell

Tid: Torsdag 26. november 2015 kl. 18.00 - 19.30

Sakliste:

- Sak 45/15:** Godkjenning av innkalling og møteprotokoll
- Sak 46/15:** Matrikkelføring av stolane
- Sak 47/15:** Høring på revisjon av forskrift av 8. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske på Statsallmenning.
- Sak 48/15:** Samarbeid Bibliotek - Fjellstyre om foredrag ved Olav Strand
- Sak 49/15:** Uttale til spørsmål om oppføring av ny hytte på festetomt
- Sak 50/15:** Post og meldingar
- Sak 51/15:** Mogelege andre saker

Sak 45/15: **Godkjenning av innkalling og møteprotokoll**
Ingen merknad

Sak 46/15: **Matrikkelføring av stolane**
Vi vil få alt matrikkelført no, og vi prøver å få det så rimeleg som mogeleg.

Sak 47/15: **Høring på revisjon av forskrift av 8. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske på Statsallmenning.**
Vi støttar Fjellstyresambandet sitt høyringsutkast.

Sak 48/15: **Samarbeid Bibliotek - Fjellstyre om foredrag ved Olav Strand**
Vi er positive til dette samarbeidet og Ellen pratar med Olav på haustmøtet om det er mogeleg å få det til før jul (bøker som julegåver)

Sak 49/15: **1228/1/10/3 - Uttale til spørsmål om oppføring av ny hytte på festetomt**
Fjellstyret har ingen innvendingar

Sak 50/15: **Post og meldingar**

- a) 25.000,- frå Fiskefondet motteke
- b) Søknad om bedriftsnettbank er sendt
- c) Registrering av nytt styre i Brønnøysundregisteret - Stensland kan hjelpe
- d) Haustmøte Rauland - Ellen reiser - Sakliste
- e) Fellingsresultat Hardangervidda 2015
- f) Kommentar frå Tysvær Beitelag på møtereferat etter møtet med Skjold Beitelag. Ikkje svar frå Havredalen endå.
- g) Det er sendt nytt brev til Vegvesenet ang vegen i Dyrskar (til Nonås sin sjef)
- h) Haslemo har skrive under kontrakten

Sak 51/15: **Mogelege andre saker**
Det må kjøpast nye jaktkortblokker før neste haust.